Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. -8-

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og brom.

Oppskr. av: Sigvard Sørebø

(adresse): - Lærar -

Fylke: Sogn & Fjordane.

Herad: Fjaler

Bygdelag: Guddal.

Gard: Sørebø

G.nr. 121 Br.nr. 3-

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både - og -

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Alt det som ein i mi bygd nytta som for åt kröteri attåt den vanlege loa, kalla ein med eit sams namn for bjerg. Med bjerg meinte ein ris, skav, lyng og björnekamb. No er det avleggs. Berre når forknipa melder seg um våren, vert bjerg nytta. Men i eldre tid var det vanleg at ein bjerga kvart einaste år. Bestemor mi, Kari Langenes, f. 1818, sa ofte: „De ska kje vanvyre bjerge, da he berga så mangt eit beist."

Beit nytta ein serleg av bjørk. Men når ein hogg heile tre til skav, tok ein og dei ytste kvistene av rauin og osp. (å risa, risa, risa, rise.) (Bjerg, bjerg'e.)

2. Når ein henta bjerg, nytta ein vanleg slike ordelag: „Han (ho) æ i beitaskoja." "Han (ho) æ sta å bjerg-a.)

Serskild beitasled hadde ein ikkje. Henta ein berre beit, nytta ein gjerne höysleden. Men oftast henta ein beita saman med veden. Sumtid bar ein og börar. Vedasleden er mykje å skriva um, samleis höysleden.

3. Ein henta jamleg veden og beita heim på vinterföret. Vanleg hogg ein heile tre til beit og. Fyrst la ein ~~dei~~ nokre tunne kvister på sleden, so stokkane, og til slutt kvistene og kollane.

2049

Til vanleg hadde ein eit par digre kollar som vart lagde sist på lasset, so det heile skulde verta retteleg godt samanfart. Endå den dag i dag køyrer ein lassi slik, og ein kallar og heile lasset beitalass.

Heime på tunet vart stokken lagd i dorje (durge, lad). Kollane (beitakollane) og dei største kvistene reiste ein upp etter ein husvegg. Det uppreiste riset kalla ein beitkostin. Ein gjorde dette fordi ein heile vinteren hadde smalen ute i fall veret ikkje vart altfor ubbe og ufyse. Orróyta (ungfeet) hadde ein og ut på tunet jamvel um det var kaldt. Skulde alt riset ha lege i durge på tunet, vilde dei ha komra (ete) av det leste.

Småkvistene skilde ein ut. Dei hogg ein til omnsved, småved og eldhusved. Stokken i smågreinene var det ein nytta til kokomnsved, kvistene som ein skilde riset, beita frå, var det ein nytta til eldhusved. Dette gjer ein endå, men no fylgjer beita med, og ein kallar veden for risved eller eldhusved. Beita skar ein ofte med sigd (sigde, sigdin, sigda, sigdane) eller med tollekniv. Resten av smågreinene på lasset kasta ein ut yver tunet åt utegonggebeista. Um sundagane sa dei gamle ofte: „He de kasta på tunet?" Sundagane køyrde ein ikkje ved, so då tok ein or beitakosta når ein vilde ha beit åt beista.

Når det leid på våren, vart den vinterkøyrde beita ofte so upptørka, at beisti fall ikkje på henne. Då laut ein på skogen etter bjerg, d.v.s. ris, skav, lyng og bjørnekamb. Dette bjerget bar ein oftast heim på ryggen i tog.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2049

Når ein um våren var beitaskog, hogg ein sumtid berre toppen av rikgreina tre. Ein sa då at ein nava treå. (nave, nava, nava, nav). Dette gjorde ein ikkje berre av umsyn til bjerget, men og fordi nava tre alltid skaut ei mengd nye greiner. „Du ser aldri så rikbosta riskosta så på dei trea så e nava," sa bestefar.

Greinene på nava fjellbjørk fekk mest alltid mange underlege og forvridde skap. Her fann ein gangtóle, sigdeskaft, hogder, krokklurar til geitebard, staupehorn til kledar o. m. Men av nava bjørk måtte ein aldri tappa byrkje um våren, då turka dei.

Dei som sjølve hadde lite skog, serleg fjellbønder, bad seg ofte bjerg. Dei gjekk lange vegar. I 1877 (Storesnøvinteren) var dette so. Då var snøen so djup at bestefar grov seg tunnel frå floren og til vasskjelda. Snøen låg langt fram på våren. Dei molda åkrane, fordi snøen skulde fara. Det har dei gjort radt til nyom, men det året „sat såfolki og kvilde på snøkanten." (Vitnemål frå lærar Tuland i ei beitesak.) Fjellbøndene laut den våren fara lange vegar til bygdar med smalen, dei orka ikkje bera bjerget åt dei.

4. Når ein beita brūka ein sigd og tolkniv. Før slepeljåen kom i bruk (kring 1875) hadde ein smidde sigdar. Dei var halvrunde, og oftast med vinkelbøygt skaft, eller skaft med ein sveig på midten. Var skaftet beint, hadde ein mothake i enden. Sigden var fest til skaftet med ei bjørketåg. Sigdane sette ein oftast i dørsvali til stova i ei spildre, sigdespeldra.

Som oftast nytta ein same sigdane til å

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

skjera kornåkeren med. No nyttar ein ljå.
Det tok ein til med kring 1875. Då kom dei
fyrste slipeljårne. Sidan den tid har ein meir
og meir gjenge yver til å laga sigdar av dei
avbrotne ljårne. Men i Holmedal har eg enno
sett handsmidde sigdar. Men der skjer dei og
kornåkeren enno med sigd.

5. Det var um kyr, sauer og geiter ein nytta
beita åt. Hesten henta ein bjørnekamb og
lyng åt vart varknipa for hard. Lynget
hakka ein åt hesten. Ein dūste nammet hav-
remjøl på, eller lettekorn og aūn.
Dei beista som stod inne, fekk ris (beit)
tvo gonger um dagen når ein byrnte.

6. Beita samla ein i løa. Skulde det liggja
ūte, tok ūtegongbeista det. I løa hadde ein
ofte ein serskild plass til beita, beitakraa.
Beisti (onøyta = ungfeet, dei kyrne som
ikkje kalva før fram på våren og sauene og
geitene) slepte ein ūt på tūnet i beita. Ein
kasla då på tūnet ei viss mengd kvar gong.
Dette gjorde sūme like fram til fyrste heims-
krigen.
Men geitene nøgde seg ikkje med det. Dei kleiv
i høgste beitakostane. ~~Ein~~ vilde gjerne meinka
det, og so la ein lauskvister som møtte. Fram
på våren sa dei gamle ofte: „din'a beita
æ'kje møke å ha, jeitene he komra tå da beste."
(komra av kūmar).

7. Vart det lite med foret, skulde ein på
fastande hjarta gå til skogs etter ei beita-
bør. Ein skulde ikkje ha lutjarn med seg.
Ein mann på Lingsøyr (Gamle-Hansin)
drog til skogs ein sundagsmorgon i dette
ärendet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2049

Han höyrde då det song i luftå:
„Retto, retto syndig liv,
glem all verdens trett' og kiv!
Vend deg om til Gud!
Søk å bli en Jesu brud!
Det hvad verden byde må,
må i verden og forgå.
Ei jeg skjötter om
verdens strenge dom,
Jesus er min helligdom."

Gamle-Hansin hadde vore ein hardnagle, men etter dette vart han mjuk. Han vart „gudele" - som dei sa.

Tillegg:

Dei gamle meinte det vart mykje gjödsel av beita. „Mottinja vert dæ ikkje mykkje om, ska ein ikkje bruka beit."

Oftast fekk ungdomen ha eit smalebeist fordi dei skulde vera idugge å bjerga. Tenestefolket hadde på sume gardar same retten. Dei fødde beistet med skav, beit og markahöy. Dette sanka dei i fristundene.

På ein av grannegardane til Sörbö var det ein dreng som var so gjerug. Han skava til langt på natt. Han låg på flotslemmen. Men han var så uttjåka og udrug at han berre vende seg i sengi når han var trengd. Um våren var ei ku sjåröytt (hårlaus) på ryggen og eine sida. Sengelaken hans hadde råka kui.

Sigurd Sörbö

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING